

Nr.1 -februar 2022

# Masfjordingen

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet  
i samarbeid med Masfjorden kommune



**KIRKENS NØDHJELP**  
actalliance

Håp i ein dråpe vatn

# Gudstenester

# Døypte

## 27. februar

Solheim kyrkje kl.11:00  
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle  
Takkeoffer til Redd Barna

## 06. mars

Frøyset kyrkje kl.11:00  
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle  
Takkeoffer til Redd Barna

## 13. mars

Sandnes kyrkje kl.11:00  
Familiegudsteneste  
v/Torbjørn Sæle og Helga Ekehaug  
Deltakarane på «Lys våken» er med.  
Takkeoffer til Redd Barna

## 27. mars

Solheim kyrkje kl.11:00  
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle  
Takkeoffer til Barnevakten

## 10. april Palmesøndag

Granneheimen kl.11:00  
Gudsteneste v/Helge Taranrød  
Takkeoffer til Bjørgvin si venskapskyrkje på Cuba

## 14. april Skjærtorsdag

Sjukeheimen kl.14:30  
Fjon Fjellkyrkje kl.17:00  
Gudstenester v/Torbjørn Sæle  
Takkeoffer på Fjon går til Fjon Fjellkyrkje

## 15. april Langfredag

Frøyset kyrkje kl.11:00  
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle  
Takkeoffer til barne og ungdomsarbeidet i  
Masfjorden sokn

## 17. april Påskedag

Solheim kyrkje kl.11:00  
Høgtidsgudsteneste v/Torbjørn Sæle  
Takkeoffer til barne og ungdomsarbeidet i  
Masfjorden sokn

## 18. april 2. påskedag

Sandnes kyrkje kl. 11:00  
Høgtidsgudsteneste v/Torbjørn Sæle  
Takkeoffer til barne og ungdomsarbeidet i  
Masfjorden sokn

## 05.12.21 Alice Ariana Sandnes

Foreldre: Charlotte Teigland og Even Sandnes  
Fadrap: Yngve Sandnes,  
Philip Andre Jikeme Mikalsen,  
Malene Tjore Lervåg, Madelene Larsen.

## 12.12.21 Julie Eide

Foreldre: Maria Halland og Tarjei Eide  
Fadrap: Morten Rasch, Stian Daae,  
Oddvar Vigdal, Hans Karten Wergeland,  
Maren Daae Eide, Malin Wergeland.

## 02.01.22 Amelia Lilja Olsen

Foreldre:  
Wioletta Glasnapp og Jan-Helge Lekven Olsen  
Fadrap:  
Harald Kent Olsen og Iwonka Marta Vik Olsen

## 23.01.22 Leonora Sjursæter Halland

Foreldre: Silje Sjursæter Halland og Jack Halland  
Fadrap: Leif Otto Halland,  
Magnus Alexander Eide, Veronika Sjursæter,  
Malene Halland.

*Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for borna, be for dei, læra dei sjølvé å be og hjelpe dei til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.*

# Avlidne

23.11.2021 Edith Gunvor Tvedt, f. 1936

27.11.2021 Ingunn Olaug Einestrand, f.1942

05.12.2021 Anny Konstanse Nordli, f. 1933

30.12.2021 Jon Bjørn Fredriksen, f. 1942

27.01.2022 Hildur Losnegård, f. 1952

*Eg er oppstoda og livet, seier Herren. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.*

Informasjon om gudstenestene i Masfjorden  
finn du alltid i kalenderen på nettsida vår:  
[www.masfjorden.kyrka.no](http://www.masfjorden.kyrka.no)

# “DET KAN BLI FINT LIKEVEL”

**Vi har lagt bak oss eit år som for mange blei annleis enn vi hadde håpa. Men eg har også fått erfara at det kan bli fint likevel.**

Det er ikkje alltid ting blir som vi har tenkt. Det synes eg kan vera krevjande. Eg liker når ting går etter planen. Men er det noko vi har lært oss å bli vane med dei siste to åra, så er det at det ikkje alltid blir som vi har tenkt eller ønskjer.

Koronaen har i tide og utide sett ein stoppar for små og store planar. Gong på gong har vi måttå tenka nytt eller ha planar i reserve. I kyrkja og heime, på skule og jobb, på fritid og i feriar har vi innretta oss etter beste evne, og feiringar har blitt utsett eller kraftig redusert. Men når eg ser tilbake på kyrkjeartet 2021 i Masfjorden, så har det jammen meg også skjedd ein heil del.

- Vi fekk ikkje samlast som planlagt til konfirmantleir tidleg på året i 2021 eller til Lys Våken med overnatting, men med tilpassingar og utesamlingar blei det fint likevel.
- Vi fekk dessverre ikkje ha vanlege gudstenester til påske og på 17. mai, men med digitale gudstenester blei det fint likevel.
- Det har ikkje alltid vore rom for dei store feiringane, men det vart konfirmasjonar, og 20 familiarar har feira dåp i Masfjorden i 2021, og mange har sagt at det blei fint likevel.

Heller ikkje advent og juletida vi har lagt bak oss, blei slik som vi hadde tenkt. Omikron kom snikande, raskt og truande, og førte til avlyste julekonsertar, skulegudstenester og strenge maks-tal både i kyrkja og i heimane.

Den første jula i Midtøsten, og tida både før og etter, blei nok heller ikkje sånn som Maria og Josef hadde tenkt.

Ho, ei ung tenåringsjente, får englebesök med spørsmål om å føda Guds son.

Han får også englebesök og blir kasta inn i farsrolla. Dei to som er unge, ugifte og truleg heilt utan planar om å bli foreldre på det tidspunktet, må legga i veg til Betlehem og leita etter rom – og seinare ta med seg Jesus-barnet og flykta til Egypt.

Men sjølv om livet kan vera krevjande, så finst det ein veg vidare. Prest og forfattar Jostein Ørum kom i 2018 ut med ei bok om Josef som hadde den tittelen denne andakten er inspirert av: Det kan bli fint likevel. For, ja, det kan det!



Noko av det fine som faktisk har skjedd dei siste månadene, kan du lesa meir om her i Masfjordingen. På nettsida til kyrkja finn du soknerådet si årsmelding med endå meir å lesa frå året som har gått.



Eg veit ikkje korleis det nye året vi er i gang med blir vidare framover. Men eg veit at vi går mot lysare tider og eg veit at Jesus har lova å gå med oss alle dagar. Og når nokre dører lukkast, kan ofte nye opnast. Så er det ikkje sikkert alt blir som du eller eg har tenkt i 2022, men hugs at det kan bli fint likevel!

Torbjørn Sæle, sokneprest

# “EIN PERSONLEG OG FIN DÅP”

12. desember vart Julie døypt i Frøyset kyrkje. Her skriv familien om korleis dei opplevde dåpsgudstenesta.



Maria Halland og Tarjei Eide kom saman med barna Alice og Julie Eide til Frøyset kyrkje for å feira dåp. Her svarar dei på nokre spørsmål frå prest Torbjørn Sæle.

## 1. Kvifor ville de døypa Julie?

– Me ønska å døype Julie då me ser på dette som ein flott tradisjon i tillegg til å tilhøyra eller vera ein del av noko som er både fint og viktig. Me bur i Åsane, men ønska å ha dåpen i Frøyset kyrkje då me begge føler at dette er «vår» kyrkje. Det er her begge er konfirmerte, i tillegg til at Maria er døypt der.

## 2. Korleis opplevde de gudstenesta?

– Dette var ei veldig fin gudsteneste. Me blei kontakta på førehand for å laga ei kohort-liste, slik at kyrkja kunna legga til rette for faste sitteplassar. Me blei tatt godt imot når me kom til kyrkja og fekk litt informasjon om smittevernstiltak. I kyrkja sat me med god avstand slik at me slapp å bruka munnbind undervegs. Dette synes me var veldig flott. (Dette var før det vart påbod om bruk av munnbind på innandørs arrangement.)

– Me følte også at vår vesle familie blei godt inkludert gjennom heile dåpsgudstenesta. Storesøster Alice fekk vera med å følgja opp kyrkjegolvet, vera med å tenna adventslys og me fekk tørka hovudet til Julie etter dåpen. I tillegg fekk to av fadrane til Julie lesa kvar sin tekst. Det var ein dåp som kjentes personleg, og det sette me veldig pris på. Fleire av gjestane sa at dette var ein av dei flottaste dåpsgudstenestene dei hadde vore med på.

## 3. Korleis prega pandemien planlegginga og gjennomføringa av dåpsdagen?

Pandemien og dei nye retningslinjene gjorde at me måtte begrensa gjestar på middagen etter dåpen. Det førte til at ikkje alle som var invitert til kyrkja, kunne koma på middagen etterpå.

Me syns dagen blei veldig fin og opplevde at gudsteneste blei litt meir personleg, kanskje grunna restriksjonane og begrensa med folk i kyrkja, og at Julie var einaste barnet som blei døypt. Me følte at dagen vår blei sett i fokus.

#### 4. Korleis var feiringa?

Feiringa var veldig fin, og me er veldig glad me fekk gjennomføra dåpen, sjølv med litt færre på middagen og at me ikkje fekk snakka så mykje med alle grunna bordplassering i kohortar.

#### 5. Kva oppleving sit de igjen med etter dåpen?

Me sit igjen med ei oppleving av at dette vart ein flott og personleg dåp. Me synes ikkje restriksjonane har påverka dagen i ei negativ retning og er svært fornøgd med dagen til Julie.

#### 6. Har de noko å seia til andre som vurderer dåp?

Me synes det gjekk fint å gjennomføra dåp til trass for restriksjonar og smittevernstiltak. Ein må gjerne planlegga litt meir, men dåpen og feiringa kan bli mist like fin! Og kanskje til og med meir personleg.

Tekst: Maria Halland  
Foto: Magne Halland

*Pappa Tarjei Eide  
tenner adventslysa  
samан med dottera Alice.*



## REGNBOGEBØN

Dette er fasta eg har valt: å løysa urettferdige lenker, sprengja banda i åket, setja undertrykte fri og å bryta kvart åk sund. Å dela ditt brød med svoltne og la hjelpelause og heimlause koma i hus.

Du skal sjå til den nakne og kle han, du skal ikkje snu ryggen til dine eigne.

(Jes 58, 6-7)



**KIRKENS NØDHJELP**  
actalliance

Kirkens Nødhjelp sitt symbol med hendene og dua er henta frå bibelforteljinga om Noah. Då storflaumen var over, lova Gud at han skulle verna livet mot dødskreftene. For å gje Noah eit synlig teikn på dette, sette Gud regnbogen på himmelen. Regnbogen er eit håpsteikn, eit teikn på at ein ny start alltid er mogleg. Dette håpsteiknet tek vi med oss inn i fastetida.

Fastetida startar med oskeonsdag 2. mars, medan 6. mars er første sundag fastetida. Det er ei bøn knytt til kvar søndag i fastetida og kvar farge i regnbogen. Dei vert å finna på nettsida til kyrkja. Her er bøna til den første søndagen i fastetida:

*Kjære Gud, takk for fastetida. Den gjev rom for både handling og refleksjon. Lat oss ikkje verta for sjølvopptekne, men hjelp oss så vi rettar blikket utover og ser dei mange som treng din kjærleik. Og minn oss daglig om at det er vi som er dine hender og føter.*

Tekst: Helga Ekehaug, diakoni- og undervisningsleiar

# ADVENTGUDSTENESTE OG ADVENTSKALENDER I SOLHEIM KYRKJE

Så kjekt å kome til kyrkja i dag!  
2. søndag i adventstida og to lys vart tent for det. Alice Ariana Sandnes vart døypt. Eit lys vart tent for henne og ho vart ønska velkomen i kyrkjelyden!

Evangelieteksten i dag var Johannes 16, 21-24.



Luke nr 5 i Spesialprest Torbjørn sin adventskalender vart opna.



Bokstaven for bøna i dag var O. Me kan be for oss, omsorg, omikron eller for nokon me kjenner som har o i namnet sitt.

Takkofferet gjekk til Barnevakten.  
Kyrkjeutvalet serverte enkel kyrkjekaffi.  
Takk til alle som deltok!

Ein av adventssalmene som vart sunge var denne:

*Rydd vei for Herrens komme,  
for frelsen fra vår Gud!  
Vår ventetid er omme,  
han sender oss sitt bud:  
Det gamle skal forsvinne,  
Guds rikes tid er inne!  
Velsignet være ham  
som kom i Herrens navn.*

(Norsk salmebok nr. 9)

Tekst: Dina Dyrhovden

Foto: Torbjørn Sæle (t.v.) Dina Dyrhovden (t.h)

# TEMAGUDSTENESTE I SOLHEIM KYRKJE 8.MAI

I 2022 fell frigjerdingsdagen 8. mai på ein søndag. I samband med det vil det verte halden ei temagudsteneste i Solheim kyrkje. I denne gudstenesta vil ein ha særskilt fokus på dei russiske krigsfangane som var internerte på Matre, og som arbeidde i sandtaka der. På ulike måtar vil gudstenesta bere preg av dette.

Etter gudstenesta vil det verte ei enkel markering på Solheim gravplass, der ein vil leggje ned krans på gravene til dei fire russiske fangane som er gravlagde her.

Etter gudstenesta vil det verte skipa til ei samkome på Bjørn West-muséet. Innhaldet her er enno ikkje fastlagt, men det vil truleg verte foredrag, opplesing av minne frå folk som hugsa

attende til leiren og fangane der, og også kulturelle innslag. Det er Bjørn West-muséet som legg til rette for dette.

Måndag 9. mai tek ein sikte på å gjennomføre ein temadag for alle ungdomsskuleeleverne i Masfjorden, med eit eige undervisningsopplegg for dei. Dei som har det faglege ansvaret her, er Raftostiftelsen og Bjørn West-muséet.

Ein reknar med å kome attende med meir utfyllande informasjon i påskenummeret av "Masfjordingen".

Tekst: Rune Garman, leiar Masfjorden sokneråd

## SORGGRUPPE

Har du mista nokon som står deg nær? Du er velkommen til å møta andre som er i sorg over at nokon nære og kjære har dødd. Du får høve til å gje uttrykk for di sorg eller berre vere i fellesskapet - akkurat slik som du har det. Du får høve til å lytte støttande til andre si sorg og samtidig bearbeide eiga sorg. Kyrkjelydane i Bergen og Nordhordland samarbeider om sorgarbeid enten i individuelle samtalar eller i grupper.


I Masfjorden kan du ta kontakt med underteikna eller sokneprest for individuelle samtalar om sorg eller anna som fyller livet. Det er ikkje tilbod om sorggruppe i Masfjorden, men ta kontakt med nokon av dei andre kyrkjelydane for å høyra om der er eit tilbod for deg. Dette gjeld både vaksne, ungdom og born. Meir informasjon finn du på nettsida til kyrkja i Masfjorden:  
[www.masfjorden.kyrkja.no](http://www.masfjorden.kyrkja.no)

To kontaktpersonar i andre kyrkjelydar:

Gudveig Kartveit Sundsbø  
Diakon i Radøy sokn  
Tlf: 93 84 05 87  
E-post:  
[gs888@kyrkja.no](mailto:gs888@kyrkja.no)

Rita Eldholm  
Soknediacon i Åsane menighet  
Tlf: 55362257  
E-post: [re253@kirken.no](mailto:re253@kirken.no)

Tekst: Helga Ekehaug  
Diakoni- og undervisningsleiar



# LYS OVER DET NYE ÅRET

Allereie på årets andre dag var det gudsteneste i Solheim kyrkje med dåp og nattverd.

På Kristi openberringsdag vart denne hallelujasalmen på nr. 246 sunge:

*Lyset skinner over jord!  
Halleluja!  
Midt i blant oss er Guds ord.  
Halleluja!  
Ære være deg, vår Gud,  
Halleluja,  
Fader, Sønn og hellig ånd,  
Halleluja!*

Solheim kyrkjelyd tok imot Amelia Lilja Olsen i dåpen. Evangelieteksten var Johannes 12, 42-47. I preika snakka Torbjørn om Jesus som verdens lys. Eit lys som varer evig.

Takkofferet gjekk til Søndagsskolen Norge.

Tekst og foto: Dina Dyrhovden.




## LIKAR DU Å SY HARDANGERSAUM?

I Frøyset og Solheim kyrkje er det behov for nye alterdukar. Dei gamle er fine hardangersaumsdukar. Men no er dei slitt av tidens tann og vask gjennom mange år. Difor lurar me på om det er nokon som kunne tenkja seg å brodera nye dukar?

Visst dette er ein jobb du eller nokon du kjenner kan ta på seg, er det flott om de tar kontakt med kyrkjeverje Eli Eidsnes for meir informasjon og avtale om pris.

Send e-post til:  
[kyrkjeverja@masfjorden.kommune.no](mailto:kyrkjeverja@masfjorden.kommune.no)  
eller ring på tlf. 56 16 62 61.



Alterduk Frøyset kyrkje



Alterduk Solheim kyrkje

Tekst og foto: Eli Eidsnes

# MIN SALME - BLÅ SALME



Hege Søvik, 44 år

Bur på Hosteland. Jobbar på kommunehuset, tenestetorget. Der passar ho mellom anna på at alle brev som blir sendt eller mottekne frå innbyggjarane eller andre offentlege instansar vert registrert og arkivert.

«Teksten til Blå salme er laga av Erik Bye og melodien av Henning Sommero. Songen er sunge av mange kjente artistar og brukt i ulike anledningar som gudstenester, gravferder og konsertar.

Mitt første møte med songen var då eg fann ut at eg hadde lyst å ta timar i song i kulturskulen. Fyrste timen fekk eg utlevert Blå salme. Eg hadde aldri høyrt denne før, og at den var laga av Erik Bye, det hadde eg ikkje trudd.

Melodien til Blå salme har vore framført ulikt hjå artistane. Framføringa eg likar best er jassversjonen til Solveig Slettahjell. Framføringa vert sterkare, og for meg vert den meir betydningsfull.

Etter at eg har høyrt denne versjonen vert eg tankefull, og som prest og forfattar Per Anders Nordengen har skrive, «...innholdsrik tekst med hverdagslige og uvanlige bilder som skaper gjenkjennelse og som gjør at livet på mange måter passerer revy hver gang jeg hører den.» Eg er heilt einig!

Har du tid og anledning, leit den opp på nettet og lytt»

*Jeg synger meg en blå, blå salme  
når dagen svinger hatten til farvel  
og ror med sakte åretak mot strender  
dit alle dager ror når det blir kveld.  
Da søker jeg min hvile  
ved treets trygge rot  
mens sankthansormer gløder grønt  
i gresset ved min fot.  
Da synger jeg min salme.*

*Jeg synger meg en blå, blå salme  
og takker for all grøde som ble min.  
For lyse døgn, for barneskritt i tunet  
og dine gode kjærtegn mot mitt kinn.  
Men òg for våkenetter  
som aldri unte ro  
men gav min dag et dunkelt drag  
jeg aldri helt forsto.  
Da synger jeg min salme.*

*Jeg synger meg en blå, blå salme  
til deg, du Hånd som sanker og som sår  
og senker deg med signing over jorden  
med legedom for alle våre sår.  
Som byr oss rette ryggen  
stå opp og gå i strid.  
Med løftet hode skal hver sjel  
gå inn i Herrens tid.  
Så synger vi vår salme.*

T: Erik Bye/ M: Henning Sommero

# GLIMT FRÅ KONFIRMANTLEIR

27.-30. januar var alle årets konfirmantar samla til leir på Fjon fjellkyrkje. Nokre av konfirmantane oppsummerar leirlivet og høgdepunkta sine her:

## Tiril

Det var en fantastisk tur syntes jeg. Det jeg husker best var å gå på turen på lørdagen og å bli kjent med de andre. Om kveldene var vi på bønnevandring. Det gikk ut på at vi hadde flere poster som vi skulle gjøre i stilhet. Vi gikk inn to og to. På lørdagskvelden var det flest poster. Det var det gøyeste. Det var med fingeravtrykk og band rundt handleddet og skrive hvem vi var takknemlig for og tenne lys.

Det var fint å gjøre dette med en annen. Det var veldig fint å være med på noe så sosialt. Vi fikk ikke lov til å være så mye på rommene, så vi hadde mye tid med hverandre.



## Ådne

Eg måtte ta buss på torsdagen då me skulle opp til Fjon fjellkyrkje. Etter ei stund med snakking gjekk me ut å leika mørkegjømsel. Eg vart meir kjend med Gud og temaene rundt det. Det var ganske variert vær der oppe! Ein dag var det 10 cm med snø, men andre dagen regna det som berre det, og så snødde det neste dag. Det var god mat på leiren, spesielt tacoen var veldig god. Det var litt drama i løpet av denne stunda. Det blåste ganske masse ute, som gjorde at vinden kom ned i peisen og blåste røyken ut i fjellkyrkja. Brannalarmen gjekk, og me gjekk ut med ein gang. Sengene i fjellkyrkja var gode, og romma var i passe størrelse. Det var litt varmt i kyrkja, men elles var alt fint. Dette var ein fin leir som me kan gjere igjen.


## Solveig

Når eg var på veg til konfirmanteiren kom eg med ei innstilling på at dette blir kjedeleg spesielt sidan me måtte levere inn mobilen, men då eg hadde vore der ei stund hadde eg nesten gløymt den. Då me kom inn, samla alle seg og sa namna sine, og fekk ein velkomst i frå alle. Det var ein fin måte å starte leiren på. Kvar kveld hadde me kveldssamling, der me skreiv i dagbøker, song og

las tekst. Me tente også lys nokre gonger og ba for kvarandre. Det var alltid fritid etter undervisningane. Det var ping pong, airhockey og fotballspel som alltid var i bruk og som alle fekk vere med på. Eg trudde dei fleste skulle vere på romma sine og vere med dei du delte rom med, men det var ikkje sånn i det heile tatt. Det var veldig sosialt og alle var som regel og spelte spel eller snakka med kvarandre.

## Peder

Når me var ute leika me leikar som bom 50, mørkegjøysel og 50 leiken, eg synst det var veldig gøy. I undervisninga hadde me tema som dåp, skapelseshistorien og om livet til Torbjørn. Eg har lært korleis ein gjennomgår ei gudsteneste og kva som skal til før ein dåp. Det som gjorde inntrykk på meg var kor mykje som skulle til for å lage til ei gudsteneste. Eg hugsar best då jentene i klassen min sminka meg og Ben Jonas. Eg synest stillestundene og lystenninga var gøye, eg synest det var litt koseleg når det var heilt stille og heilt mørkt, og det einaste lyset me hadde var levande lys. Det var gøy å verta litt betre kjent med dei frå andre skular, det var kjekt å vera med dei. Eg synst ikkje det var eit problem at det var storm, fordi dei gongane me var ute var det fint vær, så du merka det ikkje så mykje. Me fekk masse god mat, som taco, graut, lasagne og vanleg smøremåltid.



Takkelappar laga av konfirmantane

### Eli

Då me var ute første kvelden, leika me mørkegjømsel. Og på fredagen hadde me 50-leiken og på laurdagen gjekk alle ein felles tur. I undervisninga lærte me om at alle har like stor verdi, og kven Gud er og at Jesus er vår venn. Det var kjekt å endeleg få reisa på leir og møta dei andre konfirmantane. Bønnevandringane var gøye og det var kult å få lage armband av tau. Det var litt morosamt at brannalarmen gjekk fordi det var komme for mykje røyk i frå peisen inn i fellesrommet, så alle vindauge måtte vera opne for å få lufta all røyken ut igjen. Maten var kjempegod. Sengene var kjempegode, men me vart vekka altfor tideleg.

Tekst: Tiril Sleire-Gjerde, Ådne Holmaas, Solveig Neverdal Daae, Peder Oppedal og Eli Dahle.

Foto: Torbjørn Sæle



# FASTEAKSJONEN I MASFJORDEN

Mangel på vatn er kanskje ikkje det Masfjordingane tenker mest på i desse dagar.

Men for mange er det me for det meste tar for gitt, nemleg reint VATN, ei mangelvare.

Kirkens Nødhjelp markerer 75-års jubileum i 2022, med håp som overordna tematikk. Fasteaksjonen er ein viktig del av markeringa, og har fått tittelen «Håp i en dråpe vann».



**Årets Fasteaksjon blir gjennomført i tida 3. – 5. april**, og ein av dei dagane vil konfirmantane i Masfjorden og frivillige kome rundt på dørene med bøsser. Me håpar alle tar godt imot bøsseberarane og støttar årets aksjon.

Tekst: Eli Eidsnes Foto: Kirkens nødhjelp

## Ein drope vatn gjev håp i tørken

Alt Takondwa Phanga (26) tar i spirar og gror, og det går gjetord om den flinke agronomen i mils omkrins. Sjølv har han berre eit mål og det er å dele raust med kunnskapen sin, slik at småbønder kan kome seg ut av fattigdom og svolt.

Av: Anette Torjusen Foto: Håvard Bjelland

Tørke skaper akutt svoltkrise for millionar av menneske kvar einaste dag.

Eit håp kan byrje med ein drope vatn. Det kan gje ei framtid utan svolt, fattigdom og konflikt. Vatn kan endre eit liv, ein landsby og eit land. Vatn er livsviktig. Ein av dei som ser det kvar einaste dag er agronom Tankondwa Phanga.



*Tenner håp: Takondwa Phanga er agronom og brukar yrket sitt til å få bønder i Malawi ut av fattigdom.*

Vi er i landsbyen Chingagwe i Malawi, der tolv småbønder får opplæring i moderne jordbruk.  
– Her hjelper eg småbønder med å få høgare kvalitet på avlingane sine slik at dei kan hauste meir og samstundes auke inntektene sine, fortel han.

Prosjektet starta i desember 2020, og allereie eit år seinare har bøndene tredobla inntektene sine. Sjølv gjev han opplæring i 17 område.

Målet er å få småbønder ut av fattigdom og svolt, samstundes som dei utviklar seg som bønder. I Malawi lever 80 prosent av landbruk, og så mange som fire millionar menneske manglar tilgang til vatn.

Dei tolv bøndene vi møter i dag, har investert i eit sett med kvalitetsfrø, eit vatningssystem og gjødsel. I tillegg lærer dei seg gode metodar for å utvikle jordbruksoppdraget sitt.

– Jobben min er perfekt for meg. Lidenskapen min er å hjelpe bønder til å utvikle seg slik at dei kan få betre resultat. Gjennom jobben min kan eg vere med på å gjere ein forskjell.

---

Det tradisjonelle jordbruket skaper stort press på både jorda og vassressursane. Dei moderne jordbruksmetodane, som gjev større og sikrare avlingar på mindre areal og brukar mindre vatn, er utilgjengelege for småbønder i verdas fattigaste land. Både irrigasjonsutstyr, frø og kunstgjødsel blir berre selde i store kvanta. Bøndene manglar utdanning og dei færreste har råd til å investere.

Bønder som brukar moderne jordbruksteknologi, slepp å hente vatn i brønnar og elver. I staden for fyller dei ei bøtte med vatn, som er kopla til to slangar. Slangane har små hol, slik at vatnet piplar ut og gjev ei jamn vatning av grønsakene. Bøndene kjøper seg ei startpakke som består av kvalitetsfrø, eit irrigasjonssett og gjødsel. Eit slikt sett kostar rundt 100 kroner. Før måtte dei hente vatn fleire gongar om dagen slik at plantene fekk nok vatn. Takka vere irrigasjonssystemet, får plantene vatnet dei treng.



*Nye metodar: Agronomen har ansvar for 17 område med 12 bønder i kvart område. Han lærer dei om nye metodar og korleis ein får mest ut av grønsakåkeren sin.*

Ofte kan det vere trøngt om plassen i landsbyar og hagar, difor er også plassutnytting eit viktig tema Phanga lærer bort. I staden for å plante ei rad med tomatar, brukar dei same plassen til å dyrke to rader. I tillegg får bøndene ei innføring i kva grønsaker som eignar seg best å dyrke og korleis dei best bør lagrast slik at dei kan auke inntektene sine.

– Bøndene som er med i prosjektet har tent nok til å kjøpe seg ein hønsegard, skoleuniformer eller sende barna på skole. Dei har også nok mat til heile familien. I tillegg kan vi sjå at dei kjøper meir land og på den måten utvidar jordbruksarealet sitt, forklarer han.

Etter at bøndene vart med i prosjektet, kan agronomen sjå stor forskjell i liva til folk.

– Bøndene og familiane deira har no enkel og føreseieleg tilgang til grønsaker. Dei har auka inntektene sine og dei investerer vidare. Før hadde dei kanskje ingen eller lite pengar. No har dei ei stabil inntekt, som syter for næringsrik mat på bordet kvar einaste dag.

Denne endringa gjer at han har tru på framtida.

– Målet mitt er å få andre til å sjå korleis dei sjølv kan endre liva sine. Som nyutdanna håpa eg at eg skulle få oppfylt draumen min om å jobbe i Kyrkjas Nødhjelp. No gjer eg det, og det gjer meg glad og takksam. Måten Kyrkjas Nødhjelp jobbar med lokalsamfunn på, er riktig og viktig. Eg er veldig stolt over at eg får vere med på å forandre verda.

# MASFJORDEN FRIVILLIGSENTRAL VERT KOMMUNAL



**Planen er at frå 1.1.2023 vert sentralen overdregen frå Masfjorden sokn til Masfjorden kommune.**

Kommunestyret gav Torill Torsvik Størkersen i oppdrag å leia ei gruppe for å «starte drøfting for ny organisering av Frivilligsentralen». Dette forstått som å leggje til rette for å gjere sentralen communal.

Ho inviterte med seg desse:

Helga Ekehaug, dagleg leiar i sentralen  
Oddvin Arne Neset, helse- og omsorgsleiar  
Rune Garmann, styreleiar i sentralen og Masfjorden sokn sin representant  
Liv Dyregrov, styremedlem i sentralen, representant for helselaga og pensjonsitlaga

Gruppa inviterte lag og organisasjonar til innspelsmøte 9. september for kva sentralen kunne arbeida med. Der var overraskande og gledleg stort engasjement for frivilligsentralen. Om lag femten ulike organisasjonar viste interesse og 20 personar representerte desse på samlinga.

Nokre av innspela som kom på banen i høve aktivitet til sentralen:

1. Koordinering av datakurs/datacafè/«helpdesk» for pensjonistar/andre - gjerne som generasjonsmøte.
2. Transport til butikk/sjukeheim/kyrkje Lågterkel turvenn/“spisevenn”/konsertvenn - gjerne som generasjonsmøte\* (NB! Aktivitetsvenn er personavhengig)
3. Ungdomsaktivitet, gjerne saman med MOT: Spel, mekking, båt hobby
4. Samordning og informasjon ut om aktiviteter (kalender), rekruttering, arrangement i og mellom lag og organisasjonar.
5. Vedlikehald av frivilligdatabase for arrangement og dugnader innan frivilligsektoren.
6. Halde oversikt og gje rettleiing i høve søknadsportalen, og oversikt på søknadbsertete tilskotsmidlar i ulike kanalar og organisasjonar.
7. Koordinere BUA-tilbod Koordinering av snørydding/strøing.
8. “Vaktmester” koordinering/nabohjelpa Tiltak retta mot menn.
9. Oppretthalde kafèen på sjukeheimen (1.g./mnd. - tilbod).

Det manglar ikkje på oppgåver for sentralen! Dei formelle aktørane knytt til sentralen som årsmøte i sentralen, eigaren Masfjorden sokn og kommunestyret har i sine vedtak stilt seg positive til at sentralen vert communal.

Arbeidsgruppa er no i gang med å førebu vedtekter for den nye sentralen og ser det som avgjerande med tett samarbeid mellom frivillige personar, lag, organisasjonar, kommunen og frivilligsentralen. Vedtekten er under utarbeiding og ligg no an til å ha sju styremedlemer der tre av desse representerer dei frivillige.

Åsmøtet i gjeldande sentral vert truleg i mars. Enten på det møtet eller eit anna møte vert alle lag, organisasjonar og frivillige i Masfjorden inviterte til å diskutera vedtekter og organisering av sentralen. Kommunstyret får til slutt vedteksforslaget og gjer vonleg vedtak om desse i junimøtet.

---

## Nokre utdrag frå vedtektena som er under utarbeidning:

### Frivilligskap for alle

- Frivilligsentralen sine aktiviteter skal vera opne for at alle skal kunne delta på eigne premisser, utifrå eigne interesser, føresetnader og evner
- All aktivitet skal vera kjenneteikna av inkludering, likeverd, medverknad og motverke diskriminert på bakgrunn av kjønn, etnisitet, alder, religion/ livssyn eller seksuell orientering
- Sentralen skal i sine aktivitetar gje deltakarane like moglegheiter og rettigheiter til å bidra
- Frivillig arbeid på frivilligskapen sine eigne premisser

### Frivilligsentralen skal vera fri og uavhengig

- Frivilligsentralen/ dei frivillige avgjer sjølve kva arbeid som skal drivast og kva verksemdu sentralen skal vera engasjert i
- Arbeidet skal drivast og utviklast på dei frivillige sine eigne premisser og utifrå det frivillige sjølve ønskjer å engasjera seg i

### Frivilligsentralen skal ikkje erstatta lovpålagte offentlige oppgåver

Deltakarar i sentralen er med på frivillig, uløna basis. Frivillige bestemmer sjølve kva, kor mykje og kor lenge dei ønskjer å vera med som frivillige. Sentralen kan yta kompensasjon for faktiske kostnader.

### Styre

Masfjorden Frivilligsentral har eit eige styre med slik samansetning:

- 1 folkevald representant
- 2 administrativt oppnemnde representantar
- 1 oppnemd frå Masfjorden sokn
- 3 representantar for frivillige
- Dagleg leiar er skrivar for styret og har tale og forslagsrett

### Økonomien

Sentralen har dei to siste åra fått ein formidabel auke, frå om lag 65.000 per år til over 400.000 både i 2021 og 2022.

Kulturdepartementet (KUD) er i gang med å laga vedtekter for alle sentralane i landet. Om lag halvparten av desse er kommunale. Vedtektena vert gjeldande frå 1.1.2023 og vil seia noko om departementet si støtte til sentralane vert rekna utifrå innbyggjartalet, talet på sentralar eller ein kombinasjon. Støtta til sentralen vert truleg lågare enn den har vore i 2021 og 2022.

Vidare vert det truleg føringar for at minst 40% av budsjettet til sentralen skal vera lokalt finansiert. Dersom sentralen får 360.000 kroner i støtte frå KUD lyt lokal finansiering vera på 200.000 kroner.

Arbeidsgruppa tilrar at storleiken på stillinga for tilsette ved sentralen vert vesentleg auka frå noverande 20%.

Me ser fram til ein sentral med mykje aktivitet, godt samarbeid og glede!

Torill Torsvik Størkersen,  
leiar i arbeidsgruppa

# DIAKONI

Diakoni betyr å vera til teneste for andre. Jesus omtala seg sjølv som diokonos- til teneste for sine medmenneske. Diakoni har vore vesentleg for oppstart og utvikling av sjukepleie i Norge. Ved eit diakonis sehus i Tyskland fekk den første norske sjukepleiaaren, Cathinka Guldberg, si utdanning.

Det er mange måtar å vera til teneste for våre medmenneske, vår neste. Bjørgvin bispedøme har starta eit samarbeid med CRUX og fosterhjemstenesta i Bufetat for å informera om fosterheimar. Kyrkja kan organisera informasjonsmøte der CRUX og Bufetat vil koma å fortelja kva det inneber å vera fosterheim.

Tekst: Helga Ekehaug, diakoni- og undervisningsleiar

## Å gjøre en forskjell i et barns liv er fantastisk

Tekst og foto: CRUX

– Som fosterforeldre må en se det fine i barnet, og klare å se bak atferden og forstå barnet innenfra. Hvis vi kan gjøre en forskjell i et barns liv synes vi det er flott, sier «Anne» som er fostermor i CRUX, og av hensyn til barnet ønsker å være anonym.

CRUX er en ideell, landsomfattende og diakonal stiftelse, som på oppdrag fra Bufetat og lokal barneverntjeneste driver forsterkede fosterhjem ulike steder i landet.

– Jeg opplever det meningsfylt å være en viktig brikke i barnets liv, og kunne bidra med støtte, hjelp og omsorg. Vi kan ikke hjelpe alle, men hvis vi kan bety noe for ett barn, er det fantastisk. Ikke minst det å få et nytt familiemedlem å bli glad i, sier «Anne».

Hun synes også det kan være krevende å se på at barnet har det vanskelig.

– At barnet ikke nødvendigvis tar de gode valgene, kan være utfordrende. Så er det igjen en ufattelig glede når barnet klarer å ta imot omsorg. Det er stort når vi opplever at ting vi arbeider med, sakte, men sikkert gir fremgang, og da få lov til å glede oss med barnet.

Hva er mest utfordrende med å være forsterket fosterhjem?



– Dette er en jobb du har hele døgnet. Du må bruke mye av din tid med barnet, og det er utfordrende og kan medføre at du kommer i et dilemma i forhold til dine egne barn. Noen fosterforeldre forteller at det kan være krevende å samarbeide med biologiske foreldre, sier hun og understreker at man også kan få til et flott samarbeid. Veiledning er derfor viktig for å få støtte og hjelp i de utfordringer som måtte komme.

### Oppfølging og hjertevarme for barna

Hvert hjem får tildelt en fast fagkonsulent som følger dem opp, og koordinerer det faglige arbeidet rundt barnet/ungdommen. Det kan også være støttehjem og miljøterapeuter tilknyttet familiene slik at hvert barn får et godt og individuelt tilpasset tilbud.

– For oss er det svært viktig med fast veiledning, at vi blir sett og hørt, og at veilederen er lett tilgjengelig. At vi blir møtt med forståelse for det vi står i med barnet. For oss har det også en betydning at CRUX er en diakonal stiftelse. Deres fokus på å se hele mennesket, og det kristne verdisynet. Uansett hva vi strever med, er vi alle elsket og unike. I CRUX arbeider vi med hjerte og varme. Vi har rett og slett hjertevarme for barna, sier «Anne»

# 60 barn venter – de trenger en familie nå!

Tekst og foto CRUX

**Mange barn trenger fosterhjem. I disse dager er det rundt 60 barn i Rogaland og Vestland som venter på et hjem. Nå går Bjørgvin bispedømme, Fosterhjemstjeneste i Bufetat og den diakonale, ideelle stiftelsen CRUX sammen om å informere ut i ulike menigheter om det store behovet det er for flere fosterhjem. Dette ønsker Bufetat i region vest velkommen.**

– Heldigvis er det mange gode fosterhjem i vår region, men vi trenger fortsatt mange flere. Jeg vet at det er mange gode og omsorgsfulle familier i menighetene i fylket, sier Mallin Østerhus, enhetsleder i Fosterhjemstjenesten i Bufetat region vest.

Hun sier videre at Bufetat har et godt samarbeid med noen private aktører, deriblant CRUX, som jobber med rekruttering og oppfølging av forsterkede fosterhjem.

## Verdens viktigste jobb

– Å være fosterhjem er å være der og stille opp for barn som trenger det mest. Det er vel en av de viktigste jobbene vi kan ha her i verden? For et barn som har hatt det vanskelig, kan det å få oppleve helt vanlige ting gjøre en stor forskjell. En omtenksom og varm familie kan gi rammer og trygghet, slik at barn kan være barn. I CRUX jobber vi med forsterkede fosterhjem for de mest sårbare barna, hvor en voksen får godtgjørelse tilsvarende 100% jobb. Familiene våre får tett oppfølging og veiledning, og et felleskap med andre fosterhjem som gir støtte og trygghet, sier fagkonsulent Hege Gjeitrem Kulsås i CRUX hjem - Bergen.

– Vi har behov for ulike hjem, fordi barna har ulike behov, fortsetter Hege. Det finnes også andre typer fosterhjem, blant annet kommunale fosterhjem som får oppfølging av den kommunale



barneverntjenesten. Det er derfor viktig at familier som er nysgjerrige, og vil høre mer om fosterhjem og hva dette innebærer, tar kontakt. Så kan vi sammen finne ut om dette er noe for din familie.

## Kirken en døråpner i rekrutteringsarbeidet

I en ambassadøravtale med Barne- og familielid direktoratet (Bufdir) har kirken forpliktet seg til å være med på en felles dugnad for å rekruttere fosterhjem. Nå vil diakonene i Bjørgvin bispedømme samarbeide med Fosterhjemstjenesten og CRUX om dette, i håp om å komme i kontakt med familier som vil høre mer om de sårbare barna og hva det vil si å være fosterhjem.

– Vi er glade for at dette samarbeidet er tatt så godt imot. Menighetsdiakonene er positive og vil informere ut om det store behovet for fosterhjem på sosiale medier og menighetens nettside. I tillegg vil de legge til rette for at CRUX og Fosterhjemstjenesten i Bufetat kan besøke menighetene og fortelle hva det innebærer å være fosterhjem for barn som trenger en ny familie. Dette ser vi frem til, sier Gjeitrem Kulsås.

## Nysgjerrig - ta kontakt

Vil du vite mer, har spørsmål eller bare er litt nysgjerrig på hva det vil si å være fosterhjem i CRUX, kan du ta helt uforpliktende kontakt med oss. Du kan også lese mer om vårt arbeid på våre nettsider [stiftelsencrux.no](http://stiftelsencrux.no). Følg gjerne CRUX hjem på sosiale medier, både på Instagram og Facebook, avslutter Hege med et smil.

# FRIVILLIGPRISEN TIL ELSE HAUGLAND

Eg tok meg ein telefonprat med prisvinnar Else Haugland. Else bur på Bakken på Nord-Kvingo. Ho er ein aktiv pensjonist som gir mykje av seg sjølv for andre.

-Eg vart veldig overraska, nesten heilt sett ut, då eg vart tildelt prisen på førjulsgudstenesta i Granneheimen. - Men eg vart endå meir glad. Det å kunne hjelpe andre har alltid gitt meg mykje, og det er så utruleg kjekt, seier ho.

Prisen besto av eit diplom og eit kunstverk av Anne Marit Palmer.

-Kva er det du konkret gjer, lurer eg på.

- Eg brukar mykje tid på å snakka med folk og å ringa til dei som eg veit har glede av det. Eg synest det er viktig å visa godt humør, positivitet og omsorg i desse samtalane. Ofte fortel eg om meg sjølv, og det opnar opp for gode, interessante, sterke og rørande samtalar.

-Så kan det vera at eg hjelper dei med små kvardagslege ting som strikkeoppskrifter og baking. Det kan vera eg følgjer dei på handling, til frisør og lege, for å nemna noko.

Mange finn tryggleik i at nokon dei kjenner er med dei.



Det er jammen fint at det finst slike personar i bygdene våre, tenker eg. Personar som ser og som tek seg tid til andre og gjer kvardagen både lettare og lysare for desse.

**Masfjordingen gratulerer Else med Frivilligprisen!**

Tekst: Jo Ronald Mjanger

Foto: Rolf Martin Tande



## Frivilligprisen

Masfjorden frivilligsentral er kyrkja sitt diakonale arbeid.

Sentralen har i mange år delt ut frivilligpris. I 2019, 2020 vart det ikkje delt ut pris, men i 2021 ville styret i sentralen gje prisar til tre verdige mottakarar.

Heldigvis fekk ein av dei prisen før koronanedsteningina før jul.

Dei to andre er framleis uvitande om at dei får prisen. Me ventar på høveleg tid og stad for tildeling.

Tekst: Helga Ekehaug

# LYS VÅKEN

## Lys våken i Sandnes kyrkje 12. – 13. mars 2022

for dei som  
går i 5, 6, eller 7 klasse  
og bur i Masfjorden.

Set av den helga,  
meir informasjon  
kjem i posten.

Tekst: Helga Ekehaug,  
trusopplærar



## ÅRSMØTE I MASFJORDEN SOKN 13. MARS

Årsmøtet for Masfjorden sokn vert denne gong i Sandnes kyrkje etter gudstenesta 13. mars. Gudstenesta startar kl. 11.00, som soknerådet har vedteke vert det vanlege gudstenestetidspunktet også i Sandnes kyrkje. (Enkelte gudstenester vil framleis ha andre klokkeslett.)

Årsmøtet startar kl. 12.00, og passar med ferje frå Duesund kl. 11.30 og tilbake frå Masfjordnes kl. 13.15.

På årsmøtet vert det mellom anna gjennomgang av årsmelding og rekneskap for 2021.  
Vel møtt!

### Årsmeldinga er vedteken

Årsmeldinga for Masfjorden sokn 2021 vart handsama i soknerådsmøte den 26. januar, og vedteken der. Ho er no publisert på kyrkja si heimeside, <https://masfjorden.kyrkja.no>. Ein kan også opne henne direkte på nettbrett eller mobiltelefon via QR-koden som er attgitt her.

Tekst: Rune Garmann, leiar, Masfjorden sokneråd



# BENNY KVINGEDAL ER 100 ÅR

På sjølvaste julaftan kunne Benny Kvingedal feira 100-årsdagen sin.

I romjula tok ordføraren turen innom med gratulasjonar, kake og blomst til den livsfriske jubilanten. Det vart ei triveleg stund med langt bordsete med god mat og livleg prat saman med etterkomarane til Benny.

Benny har budd heile livet sitt på Bakken på Kvingo. Ho vaks opp i ein søskenflokk på fem, men eldstesøstra døydde i ung alder. I 1941 gifta ho seg med Bjarne og dei bygde hus på heimegarden til Benny, i bakken bak gardshuset.

- Eg hugsar alt slitet med husbygginga, fortel ho. -Tømmeret vart hogd langt oppe i lia på Kvingedalen, og det vart løypa ned til Stykket. Så vart tømmeret frakta med hest til saga på Nord- Kvingo. Eg hugsar at me leigde hesten for ei krone pr veke.

Dei fekk fire born. Tre av dei var døve, og dette gav store utfordringar i oppveksten.

- Det var ikkje skuletilbod til dei her i kommunen, så ungane måtte i svært ung alder reisa til Austlandet og Jevnaker for å gå på døveskule der, og kom berre heim til sommar og jul. Dette var krevjande og ei stor sorg for oss alle. På skulen budde dei på store sovesalar.  
- Tilhøva vart etter kvart betre, og yngstemann fekk koma heim kvar sjette helg, fortel ho.

I vaksen alder jobba Benny på sildefabrikken på Andvik og seinare som heimehjelp.

Heimbygda har endra seg mykje opp gjennom åra.

- Før var Kvingo ei livleg bygd med mykje folk på kvar gard og der dei fleste hadde arbeidet sitt i lokalmiljøet. I dag er det nesten berre ein i kvart hus, og så stille i bygda. Men etter at dagsturhytta kom i fjor har det blitt mykje trafikk forbi huset mitt. Parkeringsplassen til hytta er nærmeste nabo,



og det er kjekt å følgja med på alle dei som fer på tur.

Sidan 2005 har ho budd åleine etter at Bjarne døydde. Ho klarar seg godt sjølv, og vaskar kle og lagar mat.

-Men det er godt å ha heimehjelp som ser innom kvar dag, synest eg. -Den kommunale fysioterapeuten kjem og innom med jamne mellomrom. Eg har det trygt og godt, og eg taklar godt å vera i mitt eige selskap. Kanskje heng dette saman med at eg var mykje åleine i yngre år då mannen min jobba som ferjeskippar og var vekke heile vekene, og dei døve ungane var austpå.

I kvardagen har Benny nok å ta seg til. Ho likar å halda seg oppdatert, og les aviser og følgjer med på TV-en om det som rører seg i verda. Og ho ordnar opp. Då Strilen ikkje lenger ville senda papirfaktura på avis, vart Benny arg. Ho ringte dei og sa klårt og tydeleg ifrå om at « dersom de ikkje kan senda faktura i posten kan de ha avisar for dykk sjølve». Etter det har ho fått papirfaktura.

- Så les eg mykje bøker, seier ho.  
-Og du har ein uforskamma god hukommelse, skyt sonen Otto inn. Eg skulle ønskt eg hugsa så godt som deg!

Benny er og glad i å strikka og sy.

- Eg likar å sy hardangersaum, men gler meg til å få vårværset inn i stova igjen, då vert dette arbeidet lettare.

-Så har eg mykje kontakt med familien. Dei som bur næraast er ofte innom, og etter at eg fekk KOMP har det vore lettare å halda kontakten også med dei lenger borte.

KOMP er ei tilrettelagt datamaskin som gjer det enkelt å kommunisera med film, bilde og snakk.

-Dette apparatet verkar samansveisande for heile familien. Og eg kan nytta teiknspråk når eg snakkar i «telefonen» med ungane, seier ho.

**Masfjordingen gratulerer den spreke 100-årsjubilanten med dagen!**

Tekst: Frank Kvinge

Foto: Privat

## KULTURSKULEN HAR LEDIG PLESS I KUNSTGRUPPA

Tilbodet er for elevar i grunnskulealder.

Undervisningsstad er Matre.



Undervisningstid onsdag kl 1415-1545.

Lærar er Vibeke Floridon.

**Kontakt kulturskulen for meir informasjon  
tlf. 97061230**



**Påmelding til [kulturskulen@masfjorden.kommune](mailto:kulturskulen@masfjorden.kommune)  
eller tlf. 97061230**



# TIL DAGSTURHYTTA MED HOVUDLYKT

I vinter har ivrige turgåarar merka delar av rundturen til dagsturhytta med refleksbånd. Tek du turen med lomme-eller hovudlykt etter «mørkets frembrudd» viser dei raudre refleksbanda vegen fram mot hytta.

-Turen til dagsturhytta er fin også som kveldstur i mørkret, og refleksbånda er ein så fin vegvisar, seier Kjell Ove Thorseth. Han er primus motor for merkinga.- Eg trur nok særleg dei yngste vil finna det motiverande å gå på tur i mørkret når ein kan følgja dei skinande reflekslysa.

- No er den kortaste sløyfa bortimot ferdigmerka. Planen er at også den lange sløyfa rundt neset skal bli refleksmerka i løpet av vinteren.

Så då er det berre å trassa vintermørkret, finna fram lykta og legga ut på tur.



## Kom deg ut- dagen

Barnas turlag og Nordhordland turlag la like godt turen på Kom deg ut-dagen til dagsturhytta 6. februar.

Då kveldsmørkret nærma seg sette 40 turgåarar kurser mot hytta. Vel framme var det premie å få, og i og rundt hytta kosa dei glade vandrarane seg med grilling og medbrakt niste.

Inne i hytta var det varmt og godt. I bokhyllene hadde biblioteksjefen bytta ut det nynorske turbiblioteket med kring 50 nye bøker som særleg dei yngste kasta seg over. - Planen er å bytta ut bøkene to gonger i året, seier biblioteksjef Linn B Brakstad.- Det vesle biblioteket inneheldt hovudsakleg barnebøker, men ein kan også kosa seg med novelle- og diktbøker, turbøker og bøker med lokal historie.



---

Og neste gong det vert arrangert  
Kom deg ut-dag vil det også  
vera mogeleg å ta seg fram til  
hytta for alle. Arbeidet med den  
tilrettelagde turvegen startar  
opp i vår.

Tekst: Frank Kvinge  
Foto: Gro Marit Kvinge Tande  
og Jane Britt Daae



## DET SNØR, DET SNØR...

Regn, sludd og nokre plussgrader nede ved fjorden  
er synonymt med snøvær litt oppe i høgden.

Den siste veka har det kome godt med snø i  
lysløypene ved fjellkyrkja/Haukeland.

Løypa er trakka, og det er sett spor. Så finn fram skia  
og nytt høvet til ein skitur!



**Og endeleg kunne Stordalen  
skisenter opna anlegget 8. februar**

Les meir om opningstider på  
[www.stordalenskisenter.no](http://www.stordalenskisenter.no)



# MASFJORDEN HAR LÆREPLASS TIL DEG



**Både Hala (22) og Malin Sofie (21) erfarte at det var vanskeleg å få seg lærepllass etter fullført skule. Heldigvis vart dei tipsa om Masfjorden – og fekk plass, begge to!**

Dei siste åra har det vorte færre som søker helsefag på vidaregåande skule, også frå Masfjorden. Det har me sett att på søkerkartala for lærling innan helse, ingen lokale søkerjarar. No oppfordrar kommunen Masfjord-ungdom til å søker helsefag, eit sikkert yrkesval for framtida.

## Trivs svært godt

Hala Mtan flytta saman med familien sin frå Syria til Brekke for seks år sidan. Ho er ikkje så glad i å sitje på skulebenken, og valte difor yrkesretta linje på vidaregåande. Etter to år på Helse og oppvekstfag i Dale, var ho klar for å begynne i arbeid.

Men det var vanskeleg å få lærepllass. Hala fortel at ho sökte mange stader, men det var ikkje ledige plassar att nokon stad.

-Men så snakka eg med nokon som har jobba her i Masfjorden tidlegare, og dei fortalte at det var ein fin kommune, og tipsa om å söke her. Og her var det ledig plass til meg, heldigvis.

Hala starta lærertida si på Masfjorden sjukeheim no i haust, og det er tydeleg at ho har valt riktig yrke. Ho er ivrig og motivert både i arbeidet og når ho snakkar om jobben sin.

-Eg er veldig glad i arbeidsplassen min, her har dei tatt meg godt imot. Uansett kva eg spør om så får eg alltid svar, alle er snille og lærer meg all kunnskapen dei sjølve har.

Ho fortel at ho likar å jobbe med eldre, og har gjort seg tankar om kva som er ekstra viktig for henne i arbeidskvardagen.

-Det som er mest viktig for meg nett no er å hjelpe pasientane så dei kan sjå velstelte og fine ut, slik dei gjorde når dei var yngre og kunne stelle seg sjølve. Det er viktig å ivareta verdigheita. Og så gjer eg kvar dag ein ekstra innsats for å få fram smilet hos kvar enkelt.

## Interesse for demensomsorg

Malin Sofie Egge-Skaar kjem frå Alversund og har gått på Helse VG 1 og 2 og påbygg i Knarvik. Deretter ho tok ein pause frå skule med jobb på ein Spar butikk og 1,5 år som assistent ved Knarvik sjukeheim.

-Eg syns det er kjekt å jobbe med eldre. Det er ei god kjensle å bidra med alt me gjer for dei. Eg fekk lyst til å læra meir då eg jobba som assistent på sjukeheimen i Knarvik, for å kunna arbeide meir sjølvstendig, fortel Malin Sofie ivrig.

Men då ho var klar for lærertida var det vanskeleg å finne ledig lærepllass. Etter tips frå kjente tok ho kontakt med Masfjorden kommune for å høyra om det var mogleg å få ein lærepllass.

Også Malin Sofie fekk plass, ho fekk starte i heimetenesta.

-Som lærling hjelper eg til med stell og personleg hygiene, påkledning, deler ut medisin, og set sprøyter. I heimetenesta har me og reinhaldsoppgåver, hjelper til med handling og lagar mat, seier ho når ho får spørsmål om å

beskriva oppgåver ho har på ein vanleg arbeidsdag.

Malin Sofie fortel at ho syns det er kjekt å få jobba med så mykje forskjellig og fortel at ingen dag er like.

-Eg syns blant anna demens, psykisk helse og medisinhandtering er spesielt interessant. Og så

er det bra å lære om korleis helsevesenet fungerer og få lære alt grunnleggande i faget, synes ho.

-Eg håpar på å få ein utfordrande jobb, gjerne innan demensomsorg!

Intervju av Elin Eikemo og av Sigrun Haugsdal Reknes



## Masfjorden kommune treng fleire helsefagarbeidarar i åra som kjem

Dei siste åra har det vore færre søkerar til helsefagarbeidarutdanninga på vidaregåande skular. Dette merkar me også i Masfjorden kommune ved at færre søker lærerstilling i kommunen.

Hausten 2021 var me så heldige å få 2 nye lærlingar som teikna lærekontrakt. Desse er no i lære på sjukeheimen og i heimetenesta, og vil etter planen vere ferdige helsefagarbeidarar hausten 2023.

### Kva gjer ein helsefagarbeidar?

Ein helsefagarbeidar gjev omsorg, og utfører grunnleggande sjukepleie til menneske i alle aldrar. Helsefagarbeidaren tar mellom anna vare på behovet for aktivitet, ernæring, grunnleggande sjukepleie og miljøarbeid. Som helsefagarbeidar har du varierte arbeidsoppgåver og kontakt med menneske i alle aldrar. Nokon av dei ein kjem i kontakt med er sjuke og treng pleie og omsorg, andre kan ha nedsett funksjonsevne eller skal trenast opp att etter til dømes ei ulykke. Arbeidsoppgåvene til ein helsefagarbeidar er avhengig av pasienten, eller behovet til brukaren og kvar du jobbar. Som helsefagarbeidar kan du arbeida på ulike stader som sjukehus, sjukeheim, heime hjå menneske som treng hjelp, innan psykisk helse eller med miljøarbeid. I Masfjorden kommune har me flest helsefagarbeidarstillingar i heimetenesta, på sjukeheimen og ved Masfjorden bu- og aktivitetssenter.

### Masfjorden kommune ynskjer kontakt med deg

Dersom du vurderer å ta helsefagarbeidarutdanning er Masfjorden kommune interessert i å koma i kontakt med deg for å diskutere om me kan tilby deg arbeid ved sida av utdanninga, til dømes i helger og i feriar.

# LITTERATURSTI

I vinter har biblioteket arrangert litteratursti. Det var over 30 som deltok i konkurransen der ein skulle svare på spørsmål som var i postkassar rundt om på turvegen på Hosteland. Me har trekt to vinnarar, eit barn og ein voksen.

Gratulerer til Martine Aasen Børnes som vann blant barna! Ho stakk av med biletboka «Erin» av Lemet Jon Jovnna og Malle Remmel i premie.

**Gratulerer til Anne Marit Palmer, Åse Tyse Daae og Lillian Wergeland!**

Dei tre gjekk saman, og svar-arket deira vart trekt ut som vinnaren.

For at det skulle bli rettferdig fordeling av premien vart det difor gjort ein ekstra trekning og den som ende opp med å få utdelt premie var då Anne Marit Palmer! Ho fekk ei nydeleg kalenderbok med «årets dager 2022».

Igjen gratulerer til vinnarane!

No er det igjen kome nye spørsmål i postkassane, så det er berre å hive seg rundt og bli med på runde to i litteratursti-konkurransen.

For å sjå svara på spørsmåla i runde ein, sjå biblioteket si Facebook- side!

## Bok- og strikkecafè

Grunna koronarestriksjonar er det ennå ikkje ope for bok- og strikkecafè på biblioteka.

Vi vil gje ut informasjon når vi kan opne igjen.

## Matre skule «Best i test»

Dei som no går i 9. trinn deltok i fjar på «Best i test». Dette er lesekonkurranse som biblioteka i Norhordland har invitert 8. trinn med på kvart år. Då skal dei lese eit knippe utvalde bøker gje dei poeng. Om lag 300 ungdomar har vore med i juryen kvart år, for å kåre den boka som er «best i test». I fjar vart det trekt to vinnarklassar, og den eine klassen som stakk av med premien var Matre skule. Som premie fekk dei pizza frå Ostereidet kro, og ein bokprat med bibliotekaren! Det verka som dei var nøgde både med innsatsen dei har lagt ned og premien dei fekk.

**Gratulerer til Matre skule!**



# FILMOTEKET

## - DEN NYE MÅTEN Å LÅNE FILM FRÅ BILIOTEKET

No kan du låne og sjå film på biblioteka si eiga filmstraumeteneste, Filmoteket. Her kan du velje blant norske og internasjonale titlar for barn, ungdom og vaksne, både eldre og nyare filmar. Alt frå klassikarar, Oscar-vinnarar og "blockbustere", til smalare kvalitetsfilmar og prislønte dokumentarar.

### Korleis får eg tilgang?

1. Gå til [www.filmoteket.no](http://www.filmoteket.no)  
Trykk på «logg inn» og «registrer ny bruker».
2. Skriv inn lånekortnummeret og pinkoden frå det nasjonale lånekortet ditt  
Har du ikkje lånekortnummer, eller treng du nasjonalt lånekort? Kontakt biblioteket!
3. Legg inn e-postadresse og lag passord.
4. Svar på e-posten du får tilsendt for å bekrefte kontoen din.
5. Logg deg inn med e-postadresse og passord.
6. Klikk deg gjennom eit stort utval film for barn og vaksne sortert etter sjanger.
7. Vel filmen du vil sjå og stadfest lånet med pinkoden som er knytta til lånekortet ditt.
8. Kos deg!

### Kor mange filmar kan eg låne?

Våre lånarar kan låne fire filmar kvar månad.

### Kor lenge varer lånet?

Etter du har valt filmen du ynskjer å låne kan du sjå filmen så mange gonger du vil i løpet av 48 timer.

### Kor kan eg sjå filmane?

Filmane du har lånt kan berre visast i Norge. Du må altså ha norsk IP-adresse.

Tekst og foto:

Linn Benedikte Brakstad, bliilioteksjef



MASFJORDEN KULTURSKULE

## KULTURSKULEVEKA 2022



## KONSERT

## UTSTILLING

Sandnes skule torsdag 17. februar kl. 1800


Matre skule tysdag 22. februar kl. 1800

Nordbygda skule torsdag 24. februar kl. 1800

### KAFÈ. VELKOMMEN!

Kulturskuleelevar underheldt.

Smittevern for publikum: Avstand - munnbind ad lib



# “HIGH SCHOOL MUSICAL” PÅ MATRE



Kvart tredje år har ungdomskulane i Masfjorden ei scenisk oppsetjing. Dette er eit litt større prosjekt og det har stort sett vore musikalar som har blitt framført. Førre skuleår(2020/21) var turen kome til ungdomskulen på Matre. Etter eit aktivt arbeid med å velja kva som skulle framførast enda valet på High School Musical. Dette er ein amerikansk musikalsk filmserie. Me tok utgangspunkt i den første filmen og gjekk i gang med omsetjing og litt omskriving av teksten til ein litt meir lokal tilpassing.

I løpet av vinteren vart det laga kulissar, fordelt roller, plukka ut musikk og planlagt framføring, men så var det koronaen då. Det var stengt, så vart det opna, så var det stengt att. Me vurderte kva me skulle gjera og me ende opp med at me ville filma musikalen vår.

Hausten 2021 tok me tak att i førre års arbeid, og siste vekene før jul hadde me eit maratonarbeid med å skriva, revidera manus, byggja scene, øva replikkar og skodespel, og spela inn songar. Me såg snart at me trøng fleire skodespelarar enn kva me hadde, så 7.klassen vart kasta inn i prosjektet. Me kontakta Jon Martin Skauge for å få laga filmen. Han takka ja til oppdraget og seinhaustes var me klare til å starta.

Ståle rigga til studio på musikkrommet og starta med innspeling av musikken. Alle elevane frå 7.

til 10. klassen var innom studioet og song. Bandet frå kulturskulen var innom og kompa.

Liv var sjef på settet og elevane bygde scene i gymsalen. Klasserom, baskethall, stove og kafe vart rigga på og attmed scena. Jon Martin og Isak Thorsheim Kvinge rigga opp filmstudio i gymsalen og filminga starta. Fem dagar og sekstito scener seinare kunne me avslutta filminga. Då hadde me filma song, dans, klasserom, baskethall, hus, hytte, klasserom, kontor og hallscener. Det vart ein stor jobb, og som med det meste tok det mykje meir tid enn me hadde planlagt. Likevel sit både dei vaksne og elevane som var med igjen med ei kjensle av å ha vore med på noko stort.

No er det eit stort redigeringsarbeid Jon Martin og Isak har føre seg. Me har ennå ikkje premieredato for filmen, men det er planlagt å rulla ut den raude løparen utpå vårparten. Kanskje har me ytterlegare fleire norske Oscar-nominasjonar i vente?

Tekst: Matre skule, ungdomstrinnet



## BINGOKVELD TIL INNTEKT FOR PLAN NORGE

Me kom seint i gong, men betre seint enn aldri. 30. november var småtrinnet, foreldre og søsken på Sandnes skule samla for ein solidarisk bingokveld til inntekt for Plan Norge i gymsalen på skulen. Det gjekk ca. to timer fra start til me rydde salen for bord og stolar. Det ble gjennomført tre rundar før me trakk ut åtte kaker som foreldra og ein lærar hadde bakt.

Elevane var med på å rigga til i salen og gode hjelparar ved oppattryddinga, medan dei vaksne stod i kiosken og snurra bingohjulet. Spenninga undervegs medan bingotala ljoma i salen var til å ta og føla på. Ut frå smila frå dei oppmøtte var det mykje glede denne kvelden me var saman.

Premiebordet var fylt opp med premiar frå TGR Bystasjonen og Rema 1000 på Mongstad. Rema 1000 sponsa saft, vaflar og brownie, så dette var ein kveld med få utlegg for arrangørane. Etter dei tre rundane var spelt, trakk me bord som i rekkjefølge fekk komme opp og velja seg ein premie som dei kunne ta med seg heim.



Premiane som var att går til 17.mai-komiteen.

3183 kroner blir overført til Plan Norge.

Me takkar FAU som stilte med frivillige og andre vaksne, som både bakte og stilte opp for å gje borna ein fin kveld for noko som er større enn oss sjølv, og våre utfordringar i kvarldagen.

Tekst og foto:  
Sandnes skule v/ Marius Rene Valvik

# EIT MINNE FOR LIVET

Det sa rektor Geir Follesø, medan han mimra tilbake til fyrste gong han såg Hakkebakkeskogen. Det vert det kanskje også for dei mange borna som hadde møtt opp for å sjå musikalen, som vart synt fram på Nordbygda skule i starten av februar.



*Omtrent på denne tida: Bamsefar sin 50. årsdag måtte sjølv sagt feirast.*

Den tradisjonelle historia om Klatremus og Morten Skogmus, den litt surrete bakerlæringen og den slue reven. Me har vel alle sett eller lese den. Gjengen på mellomtrinnet på Nordbygda skule gjorde ein god jobb med å fylle rollene med liv og personleg glans.

Tidleg på dagen var elevane på Matre og Sandnes skule inviterte, samt barnehagane. På kvelden var det stolte foreldre sin tur, samt andre sambygdingar som tørsta etter sosiale hendingar.

-Dei har lært så ufattelag mange replikkar, og har hatt utruleg mykje å tenkja på, fortel kontaktlærar for 7. klasse, Merethe Engelsen. Ho strålar av stoltheit over elevane sine. Rollene vart delt ut like før jul, og øvinga starta like etter nyttår. Så det har ikkje vore lange tida å øve på.  
-No er det litt trist at det er over. Dei siste vekene har gått med til øving, og det er jo

veldig kjekt. Og når musikalen vart såpass bra kan dei verkeleg vere stolte av seg sjølve, alle saman, seier Merethe.



*Klatremus: Lisa Marie Kvamsdal i rolla som Klatremus, sulten i magen som alltid*



**Kven har ete skinka:** Mannen og kona på garden, samt hunden Hannibal mistenkjer reven for å ha ståle ei skinke i stabburet. Fv. Emil Haveland Molland, Håvard Halland og Angelica Ynnesdal

Tekst: Sigrun Haugsdal Reknes

Foto: Merethe Engelsen

## BLI MED PÅ UKM!

UKM vert arrangert laurdag 12. mars på Sæbø skule for deg mellom 10 og 20 år.  
Påmeldingfrist er 21. februar.

UKM er ei mœnstring der du kan vise litt av det du er oppteken av. Du kan stilla ut bilete og fotografi, du kan synga ein song, spela med bandet ditt eller på instrumentet ditt, visa ein dans, lesa eit dikt eller visa ein film du har laga. Det er berre fantasien som kan stoppa deg.

Arrangementet skal vera trygt, og alle vil få god informasjon om kva tiltak/retningslinjer ein må forhalda seg til under arrangementet.

Det blir husband, så deltagarar med musikkinnslag som ønskjer akkompagnement kan forventa god hjelp frå dei. Det vert lagt opp til ei lita øving med bandet før sjølve mœnstringa.



Det hadde vore flott om me fekk mange med frå vår kommune.


Nærare info om arrangementet og påmelding finn du på [ukm.no](http://ukm.no)

Ta kontakt på 97061230 dersom du har noko du lurer på.

Masfjorden kommune  
Kultur

# FAKTURADISTRIBUSJON FRÅ MASFJORDEN KOMMUNE

Masfjorden kommune brukar ein standard automatisert faktureringsprosess gjennom økonomisystemet. Denne løysinga samlar alle kanalar for fakturadistribusjon i same system. Ved fakturering sjekkar systemet automatisk om kundar nytta kanalar som avtalegiro, eFaktura, Vipps eller digital postkasse. Systemet finn sjølv den beste og mest digitale distribusjonsløysinga basert på kunden sine preferansar. Om systemet ikkje finn digitale fakturadistribusjonskanalar, vil faktura bli distribuert i papirformat.



Fordelen med avtalegiro er at kunden slepp å logge seg inn i nettbanken for å godkjenne transaksjonen, denne blir automatisk belasta ved forfall.

Andre digitale løysingar vil krevje at kunden godkjenner transaksjonen i banken før denne kan bli utbetalt.

Brukaran av Vipps som har valt «Alltid Vipps eFaktura» vil automatisk få fakturaene sine som eFaktura. Desse må brukar godkjenne i sin nettbank før betaling finn stad.

Ta kontakt med kommunekassa 56 16 62 33 ved spørsmål kring fakturering frå Masfjorden kommune.

Tekst: Svein Viktor Ellingbø, økonomisjef

## FRIST FOR INNSENDING TIL MASFJORDINGEN

Bladet skal vera klart til utsending 10 dagar etter fristane: 28. mars og 23.mai

Noter dato i årshjulet for din organisasjon. Få med både førehandsomtale og del gjerne bilet og minneverdige stunder frå hendinga i etterkant. Slik at de kan få åtgaum og folk i bygdene kan få eit innblikk i det som skjer.

## KONTAKTINFORMASJON TIL KOMMUNEN

Telefon: 56 16 62 00

Epost: [post@masfjorden.kommune.no](mailto:post@masfjorden.kommune.no)

Post- og besøksadresse:  
Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES



## KONTAKTINFORMASJON TIL KYRKJA



Kyrkjeverje: Eli Eidsnes  
Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515  
E-post [kyrkjeverja@masfjorden.kommune.no](mailto:kyrkjeverja@masfjorden.kommune.no)

Kyrkjelydsmusikar: Anne Merethe Reknes  
Tlf.: 47 41 31 41  
E-post:  
[anne.merethe.reknes@masfjorden.kommune.no](mailto:anne.merethe.reknes@masfjorden.kommune.no)

Diakoni og undervisningsleiar:  
Helga Ekehaug  
Tlf. 56 16 62 62, 911 93 612  
e-post: [helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no](mailto:helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no)

Sogneprest, vikar: Torbjørn Sæle  
Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685  
e-post: [ts657@kyrkja.no](mailto:ts657@kyrkja.no)

Vipps Masfjorden Sokn: 620513

## ARBEIDSGRUPPA FOR MASFJORDINGEN

Helga Ekehaug, Mary Hope, Frank Kvinge,  
Sigrun Haugsdal Reknes, Sveinung Toft

[helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no](mailto:helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no)  
[mary.hope@masfjorden.kommune.no](mailto:mary.hope@masfjorden.kommune.no)  
[frank.kvinge@masfjorden.kommune.no](mailto:frank.kvinge@masfjorden.kommune.no)  
[sigrun.haugsdal.reknes@masfjorden.kommune.no](mailto:sigrun.haugsdal.reknes@masfjorden.kommune.no)  
[sveinung.toft@masfjorden.kommune.no](mailto:sveinung.toft@masfjorden.kommune.no)

Formgjeving: Mary Hope